

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 04.12.2014**

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: 285-296/14.

### **PRESENTASJONAR**

Dagleg leiar **Baste Bruarøy** orienterte om status for Hyssingen produksjonsskule.

Styreleiar **Arne Franck Nilsen** presenterte Science City Bergen.

### **OPEN TIME**

**Mona Røsvik Strømme** påpeikte at arbeidsbussen frå Eidsvåg til Haukeland universitetssjukehuser smekk full, og at det er behov for å auke kapasiteten.

**Silje Hjemdal** spurde om kontakten med Bergen kommune er formalisert når det gjeld ønskje om ny fleir brukshall i Åsane. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med svar.

**Silje Hjemdal** viste til oppslag i media om sal av narkotika på bybanestoppa, og spurde kva Skyss gjer med dette. Konstituert direktør for Skyss, Målfrid Vik Sønstabø, svarte at Skyss ikkje har motteke kundeklagar om problemstillinga, som er ei sak for Politiet. Skyss vil gjere det dei kan for å hindre sal av narkotika på Bybanen og bybanestoppa.

**Aud Karin Oen** stilte spørsmål om kva for retningslinjer som gjeld for demonstrasjonar i møtelokala for politiske møte. Fylkesordføraren svarte at det ikkje er utarbeidd skriftlege retningslinjer. Praksis tilseier likevel at det ikkje er tillate med ytringar frå publikum. Dette gjeld både skriftlege (til dømes plakatar) og verbale ytringar. Retningslinjer for demonstrasjonar i og utanfor møtelokala kan eventuelt innarbeidast når delegasjonsreglementet skal reviderast.